



Lindås VVS Nils Træland AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Stein Byrkjeland, 5557 2114

Att.kevin D. johansen

Løyve - Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - utslepp i sjø - 111/11 Skornesvegen 169 - Lindås - Lindås VVS Nils Træland AS - Alver

Vi viser til søknad av 22.8.2022 og purring på vedtak 24.11.2022. Vi seier oss leie for noko seint svar. Vi vart først kontakta munnleg om saka 19.8.2022 og uttrykte då at det kunne ta tid å skrive eit formelt vedtak, men at saka var kurant og kunne førebust og handsamast i kommunen sjølv om vedtak etter verneforskrifta ikkje var skrive ut.

Saka gjeld utslepp frå ei eksisterande hytte mot Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Hytta har i dag eige utslepp til sjøen, men meininga er å kople utsleppet på ein eksisterande 110 mm leidning, der det skal monterast minireinseanlegg for å oppnå dagens reinsestandard. Dette er i utgangspunktet ei positiv og heilt kurant sak, men ettersom utsleppet vil skje i eit verna område krevst dispensasjon frå verneforskrifta.

Regelverk

Etter verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde § 3c er området i utgangspunktet freda mot denne type anlegg og inngrep. Men det er mange eksisterande utslepp av denne typen til dette verneområdet, og det ligg eit stort tal hus og hytter i nedslagsfeltet til Lurefjorden. Det er ikkje intensjonen med verneområdet å regulere aktivitet i nedslagsfeltet. Då må ein også finne tilfredsstillande løysingar for naudsynte utslepp til sjø frå denne aktiviteten.

Difor finst ein unntaksparagraf § 5b i den same verneforskrifta, der det heiter: *Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til legging av kablar og røyrleidningar, så langt som råd samla i korridorar.* Det planlagde tiltaket treng dispensasjon frå verneforskrifta, med heimel i dette punktet.

Vurdering og vedtak

Søknaden er kortfatta, men vi fekk utfyllande munnleg informasjon ved den første kontakten om saka. Slik vi forstår søknaden, vil tiltaket kunne vere positivt for verneområdet samanlikna med dagens situasjon. Eit eksisterande utsleppspunkt vert sanert og kopla på ei anna eksisterande



løysing, og dei samla utsleppa vert betre reinsa. Då er det naturleg å innvilge dispensasjon frå verneforskrifta i medhald av § 5b.

Eit dispensasjonsvedtak etter ei verneforskrift må også stette krava etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova, §§ 8-12. I dette tilfellet vurderer vi tiltaket å vere særskildt avgrensa, og vil ikkje påverke viktige kjende naturfaglege førekomstar negativt. Vi meiner difor at kunnskapsgrunnlaget til å kunne fatte slikt vedtak er godt nok, jf naturmangfaldlova § 8. Dermed er føre-var prinsippet (§ 9) mindre aktuelt å nytte, og vi ser heller ikkje at den samla belastinga på naturen vil auke (§ 10). Kostnadane ved tiltaket vert dekt av tiltakshavar, dermed er § 11 innfridd. Miljøforsvarlege teknikkar må nyttast ved utføring av oppdraget, dette vert formulert som eit vilkår (sjå under).

Løyve til tiltaket vert såleis gjeve på følgjande vilkår:

1. Sanert leidning og andre delar knytt til denne skal fjernast frå området og leverast til godkjent mottak.
2. Tiltaket må vere godkjent av Alver kommune og vilkår som kommunen har sett etter forureiningslova skal følgjast. Lurefjorden og Lindåsosane er frå naturens side ein dårleg resipient, og utsleppskrav etter forureiningsregelverket må vere i samsvar med dette.
3. Miljøforsvarlege teknikkar må nyttast ved utføring av tiltaket, i slik grad at § 12 i naturmangfaldlova vert innfridd.

Klage

Dette er eit einskildvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltingslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast om Statsforvaltaren i Vestland, og må vere sendt innan 3 veker etter at klagar er gjort kjend med vedtaket.

Med helsing

Maria Knagenhjelm Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar seniorrådgjevar

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent